

FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 4 - SEPTEMBER 2022
ÅRGANG 45



Følg meg!



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontortider:

Opningstider vekedagar
kl 1000-1130 og 1230-1500

Kyrkjeverje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825
olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335
eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Wenche A. Helland 901 33 397

Leiar Diakoninemnd:

Annbjörg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsdebilete:

Frå konfirmantsamling i Breiavikjo
Foto: R.A. Rolfsnes

Olav J. Oma

Eg var på samling med konfirmantane, i strålende sol og med eit blikstilt Storavatn kunne dagen ikkje bli finare. Dei nye konfirmantane var på oppstartsamling. Her fekk vi læra litt orientering og vi var ute og padla kano.



Då dagen starta sat vi på stranda og hørde om meisteren som ein morgon

for lenge sidan kom vandrande langs Genesaretsjøen. Sola var på veg opp. Fiskarane Peter og Andreas stod der og kasta nota i sjøen, då Jesus sa til dei: «Kom, følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!»

Dei gjekk frå garna sine og følgde han...

Her sat vi vaksne og konfirmantar på stranda, 2000 år etterpå, og igjen kom meisteren, og framleis seier han til menneske som oss; ungdomar som er gode, heilt ok, eller dårlege i eit eller fleire fag på skulen, menneske med liten, heilt ok, eller stor sjølvtilitt: «Kom, følg meg.»

Han gjer ikkje forskjell på folk, men inviterer oss med slik som vi er. Ikkje slik som vi skulle ønske vi var, men slik som vi er, så kan vi vita at vi blir rekna med.

Vi snakka om vennskap. Då konfirmantane vart utfordra på å koma med eigenskapar dei tenkte beskrev ein god ven kom det: lojal, snill, til å stola på, kul, snill, morosam, kan halda på ein hemmelegheit, snill og fleire ting.

Gode eigenskapar, men snill var det ordet som kom igjen oftast.

Og Jesus er snill, verkeleg snill. Han er snill slik at vi merkar det. Han ser, han gjer oss trygg, han utfordrar, det krevst mot å sleppa alt for å følgja han, men i møte med han kjenner vi kva ein ven er, han seier du er trygg, du er elska, du er viktig.

Redaksjonelt



Foto: Anne Hardeland

Kyrkjekoret i haust

Kyrkjekoret i Fitjar har no starta oppatt øvingane. Koret prøver å koma ut av dvalen etter år med smitte-restriksjonar og skal gjennomføra eit lite korprosjekt. Prosjektet er avgrensa til 5 øvingar og konsert, og me håper difor at fleire kan tenkja seg å vera med på dette.

Prosjektet omfattar songar med irsk eller skotsk opphav. Noko som me gjerne kallar for keltiske songar. I salmeboka finn me mange eksempel - som t.d. "Deg å få skode" og "I et skur ved Betlehem".

Konsertprogrammet vil romma fleirstemmige satsar, soloinnslag, tekstar og instrumental musikk.

Øvingane vil vera i kyrkja frå 19.30-21.30 på desse onsdagane: 5. oktober, 19. oktober, 26. oktober, 2. november og 9. november. Konserten vil vera torsdag 10. november. Dersom du lurar på noko, kan du kontakta Jan Overweg på tlf. 901 970 69. Vi ynskjer gamle og nye kormedlemmar velkommen til gode musikalske opplevingar og eit godt fellesskap!

TAKK

for minnegåva til kyrkjelydsarbeidet og kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Mali i samband med Hildegunn Aadland si gravferd. Samla sum: kr. 39.800.

TILBAKE FRÅ PERMISJON

Elisabeth Søndena Oma er tilbake frå svangerskapspermisjon i stillinga som kontormedarbeidar. Ho har onsdag og torsdag som sine faste arbeidsdagar.

Stor takk til Brit Kannelønning Olsen, som har vore vikar i permisjonstida.

Innsetting av ny gamal prest



Under gudstenesta 28. august var Olav J. Oma innsett som sokneprest i Fitjar igjen, etter 4 år som sokneprest i Stord. Her ser me prost Svein Arne Theodorsen under forbøna for Olav, saman med Sigrid Fangel og Svein Lunde frå soknerådet.

Foto: Ole Sandvik

Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 25. november til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 7. desember. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Utedag med konfirmantane i Breiavíkjo



Foto: Rolf-Atle Rolfsnes

Laurdag 3. september var det oppstart med årets konfirmantar. For første gong samlast me ute. Og me kunne ikkje hatt betre ver. Det var sol frå skyfri himmel og vindstille. Temperaturen steig og steig utover dagen.

Randi Lønning Matre

Me byrja samlinga med ord for dagen. Olav hadde teke med seg gitaren og me vart kjent med songen «Lean on me»!

Me hadde ulike aktivitetar. Nokre var ute å padla i kano på vatnet. Dei gjekk i land på Kjeneset, der dei leika og fekk høyre bibelforteljinga om då Jesus møtte læresveinane siste gongen på stranda.

Nokre hadde tema bibel, der dei fekk sin eigen bibel. Etterpå gjekk dei ei orienteringsløype i skogen med ulike oppgåver. Som kart og kompass er vegvisarar til å finne postar, er bibelen vegvisar i livet.

Konfirmantføresette grilla haugevis av pølser og skjenkte vatn og saft i koppar. Det vart varmare og varmare utover dagen, og nokre konfirmantar fant tid til å ta ein dukkert for å kjøle seg ned.

Tusen takk for ein strålende dag på alle måtar.



Frisbeegolf på Kjeneset: Av og til bommar me på målet, men då er det berre å prøve igjen!

Foto: Randi Lønning Matre



Perfekte forhold for kanopadling.

Foto: Rolf-Atle Rolfsnes



Med kart og kompass i skogen.

Foto: Randi Lønning Matre



Konfirmantar i Breiavikjo med blikstille vatn og strålende sol!

Foto: Randi Lønning Matre

Ute på bryggekannten



Torbjørn Hovland

Det var 17. juli og sommar på Fitjar. Med vindusviskarane på, i 11 varmegrader og utriveleg vind var me på veg til friluftsgudsteneste i Kråko. Det lover ikkje så godt.

Men ved PS bryggekafe hadde gode krefter vore i sving og rigga til med benker og instrument, og når klokka nådde 11, hadde det veret letta mykje. Dei framkomte hadde kledd seg godt, og musikarane tok på seg hanskar mellom songane. Forsamlinga hadde tydelegvis vore ute ein vinterdag før, også midt i juli. Så kunne gjesteprest Bjotheit få døypa vesle Jarle Jæger, og Silje Rydland kunne gleda oss med vakker song saman med kapellmester Harald Rydland og band.

Nokre gonger går ting mykje betre enn ein skulle frykta, dette var ein slik dag.



«Alt eg såg, såg eg samen med deg»

Denne songen har tona inni meg dei siste vekene. Orda vart verkeleg mine torsdag 25. august. Eg var nemleg ein av dei mange heldige som denne kvelden fekk med meg Sigvart Dagsland trio sin konsert i Fitjar kyrkje. Konserten var rett og slett både ei stor musikalsk oppleving og mild og trøystefull balsam for sjela.

Herman Inge Aadland

Sigvart Dagsland har i mange år vore ei kjend og kjær stemme i landet. Han har skapt mange songar som på ein forunderleg måte har krope under huda på mange av oss. Tekstar og melodiar går ofte saman som hand i hanske. Og så har han ei glitrande stemme og ein formidlingsevne som når inn og treff hjerterstrenger. Slik var det denne kvelden også. Det vart veldig fort klårt at han var komen til sine egne; - noko han sjølv gav tydeleg uttrykk for. Musikarar og tilhøyrarar smelta på ein måte saman. Slike stunder kan ha ein eigen «magi».

Og for nokre musikarar han hadde med seg!: Torjus Vierli trakterte diverse tangentinstrument med stor virtuositet og trylla fram ufattelige rike og varierte klangfargar. Han var som eit heilt orkester. Og Jango Nilsen på trommer var ikkje dårlegare. At han sist vår fullførte ein doktorgrad i «groove», seier vel sitt om kapasiteten. Han leverte akkurat det han skulle. Ikkje meir, ikkje mindre. I tillegg må namnast lydteknikaren, Helge Leirvik. Han gjorde verkeleg ein kjempejobb. Det var tydeleg at desse fire aktørane kjende kvarandre og visste kva dei ville.



Jango Nilsen, Sigvart Dagsland og Torjus Vierli

Foto: Torbjørn Hovland

Konserten var samansett av både gamalt og nytt stoff. Koronatida hadde også bore frukter, og det vart jubel i kyrkja då Sigvart presenterte samarbeidspartnaren, Mike McGurk, som har hatt ein viktig finger med i spelet når det gjeld det nyare repertoaret. (Han er gift med Solfrid Sivertsen, søster til Halvdan, og er både poet og kunstmålar.)

Sigvart Dagsland er dyktig når det gjeld å kommunisera med tilhøyrarane. Det høyrerest så spontant og naturleg ut, og låtten sit laust. Men nokon av oss veit at det også er godt gjennomtenkt og førebudd.

Han hadde elles ikkje problem med å få med seg tilhøyrarane til å klappa og syngja med når han oppmuntra til det. Det var blant anna umogeleg å ikkje bli med på «De umulige». Elles var det mange som kunne mange av songane og song med inni seg. Det kunne lesast på leppene.

Trioen gav oss også nokre av dei salmane Dagsland er kjend for, som «Det er makt i de foldede hender» og «Bred dina vida vingar». Dei gjekk også rett heim.

Me som har fylgt med på karrieren til Sigvart Dagsland, opplever at han har blitt ein mognare artist. (60 år neste gong han fyller år.) Det vesle han kanskje har tapt i kraft og glans, tek han til gjengjeld att i innleving og formidling. Det visste tilhøyrarane å setja pris på, og kvitterte med langvarig og kraftig ståande applaus. Og for det fekk me flotte ekstranummer. Musikarane, som var tydelege på at dei ville tilbake til Fitjar, fekk med seg Fitjarsåper som takk. Og Dagsland lova å vaska seg, - i alle fall kvar måndag! Varm takk for ein strålande kveld!

Fitjar bedehus 40 år

Første bedehuset i Rimbareid krins (Fitjar) vart vigsla i 1915. Huset låg på Tongane der vegane frå Vik, Vestbøstad og sentrum framleis møtest. Dermed hadde dei ulike bygdelaga omlag like lang veg. Huset var i bruk til 1982.

T: Halvard Wiik - F: Helga Rimmereid & Rolf-Atle Rolfsnes

Allereie i 1963 begynte arbeidet med å skaffa sentrumsnær tomt til nytt bedehus. Dette vart ein komplisert prosess. Vinteren 1976/77 var alle løyve på plass, og førebuing av sjølvve byggeprosessen kunne ta til. Første spade-sticket vart teke 14. mai 1980. 27.2.1981 la sokneprest, ordførar og formann i byggenemnda ned grunnsteinen. Fitjar nye bedehus vart vigsla 17. oktober 1982.

Huset er organisert som ei stifting og ikkje knytt opp til nokon organisasjon. Alle lag og organisasjonar som arbeider innanfor ramma av den Evangelisk Lutherske vedkjenning har same rett til å nytta huset. Lovene gjev også rom for å leiga ut til private arrangement og gode allmenntilgjengelige føremål innanfor visse rammer. Det er formelt avtalt at kyrkja får bruka Fitjar Bedehus til dei samvær som av praktiske grunnar kyrkja ikkje er eigna til. Dermed vart det heilt frå starten av gjort klårt for alle at dette skulle vera heile bygda sitt hus.

På Fitjar Bedehus går det føre seg eit vidfemnande arbeid. Ein har fokus på at det skal vera eit samanhengande tilbod

for alle aldersgrupper, og samarbeider på tvers av organisatoriske grenser for å få dette til. Aktivitetar: Babysong, Søndagsskule, Fitjar barnegospel, Jenteforeining, Klubben, KRIK og TenTreff, Fitjar Musikkforening, Turgruppa «Misjon og Mosjon» m.m.

Mange organisasjonar har regelmessige/årvisse arrangement på bedehuset: Misjonssambandet, Normisjon, Israelsmisjonen, Stefanusalliansen, Misjonselskapet, Lys over Land, Indremisjonen, kyrkja m.fl.. Dette er svært verdfullt, og gjev vidare perspektiv og større mangfald i det kristne arbeidet.

«Basisverksemda» har heilt frå starten av vore søndagsmøte og samlingar kvar veke til felles bøn for folk og land, for Fitjarbygda og for dei som bur her.

Hovudføremålet med alt bedehusarbeid er å peika på Jesus.

Meir informasjon finn du på bedehuset si nye nettside <https://fitjarbedehus.no>.



Leiar for styret i Fitjar indremisjon, Halvard Wiik og leiar for bedehusstyret, Sigmund Sætre, sprettar jubileumskaka.



Nye nettsider for bedehuset

På jubileumsfesten 4. september vart dei nye nettsidene til Fitjar bedehus lanserte. Her finn ein informasjon om alle faste aktivitetar, lag og organisasjonar, historikk og kontaktinformasjon. Her ligg òg kalender for alle offentlege arrangement på huset.

Ole Haukeland var tidleg ute med nettsider for bedehuset, og har gjort ein strålende jobb med å halde dei oppdaterte i mange år, men no var det på tide med nye og meir moderne sider.

Bedehusstyret fått hjelp av Kjetil Fyllingen for å få på plass dei nye sidene med oppdatert utsjånad, tilpassa både mobiltelefon, PC og andre typar einingar.

Redaksjon for dei nye sidene er Helga Rimmereid, Rolf-Atle Rolfsnes, Ole Haukeland og Jan Tore Aarskog.

Til høgre ser du hovudsida, slik det ser ut på mobiltelefonen.





Den gode gjetaren

Samling for 5-åringar

Heilt i slutten av august var det samling i Fitjar kyrkje for alle som fyller 5 år i år.

Randi Lønning Matre

16 flotte 5 åringar var samla heilt framme i kyrkja. Der fekk dei høyre om sauer og om den gode gjetaren. Dei fekk leika sauer. Det var til og med ein som hadde gøymt seg. Men heldigvis: gjetaren fann alle sauene sine til slutt. Samlingstunda vart avslutta med at alle fekk leita etter sin eigen sau mellom kyrkjebenkene.

Bak i kyrkja var det bord til å klyppe og lime saman sauen.

Me avslutta samlinga med kvelds!



Familiegudsteneste

Søndagsskulens dag - 11. september

Foto: Ole Sandvik





Menneskefiskarar

Jesus gjekk langs Galileasjøen og fekk sjå nokre fiskarar. Dei hadde fiska heile natt og ikkje fått fisk. Jesus sa dei skulle kaste garnet på andre sida av båten. Då fekk dei mykje fisk. Fargelegg bilete og teikn gjerne inn nokre fiskar.

Alle mann på dekk
for Jesus x3
Nå skal skipet seile

Ankeret må hales opp,
ta i til vi sier stopp.
Seile må til mastetopp
for nå skal skipet seile


Alle mann på dekk
for Jesus x3
Nå skal skipet seile

Vi skal gå med livetsord,
ut til alle folk på jord.
Vitne om at Gud er stor
og nå skal skipet seile

Alle mann på dekk
for Jesus x3
Nå skal skipet seile

Då han hadde tala ferdig,
sa han til Simon: «Legg ut
på djupet og set garna, så
de kan få fisk.» «Meister»,
svara Simon, «vi har streva
i heile natt og ikkje fått
noko. Men på ditt ord vil
eg setja garna.» Så gjorde
dei det, og då stengde dei
slik ei mengd med fisk at
garna heldt på å rivna.

Men Jesus sa til Simon:
«Ver ikkje redd! Heretter
skal du fanga menneske.»
Luk. 5, 4-6 + 10b



Havsalme

Helge Stangnes

*Du som styrer straum og vind
utom øy og odda,
styr du straumen i mitt sinn
så eg rette kursen finn
gjønna natt og skodda.*

*Peik ut leia på mitt draft
når det bryt om grunnan.
Lån meg fliken av di kraft,
hold di hand om skaut og skaft
så eg berges unna.*

*Du som ser mi veike tru,
veit kor tidt eg tvile,
gje meg svaret på om du
e den hjelpar som kan snu
angst og ank til kvile.*

*Still så stormen om min stamn,
du som veit mitt beste.
Los meg gjennom fallan fram
til eg i di trygge hamn
finn mitt ankerfeste.*



TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2022!!

«Med Jesus i båten»

Babysongkurs:

Samling på Fitjar bedehus annankvar tysdag kl.10:30 – 12:00. Babyar (0-12 månader) saman med ein vaksen. Songstund, og nistelunsj saman etterpå.

Datoar: 6/9, 20/9, 4/10, 18/10, 1/11, 15/11, 29/11 og 13/12

Småbarnssong:

Samling ein onsdag i månaden kl. 17:30 – 18:30. 1-4 åringar saman med ein vaksen Songstund, bibelforteljing og nistekvelds.

Datoar: 7/9, 5/10, 2/11 og 30/11

4-årsbok:

Undretur laurdag og familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok. 4-åringar saman med ein vaksen.

Datoar: 1/10 og 2/10

Lys Vaken:

Overnatting i kyrkja for 11-åringar.

Dato: 3/12 og 4/12

Konfirmantar:

Samling i kyrkja annankvar veke fordelt i gruppe tysdag og onsdag kl. 14:15 – 15:45

T: 3/9, 13/9, 27/9, 25/10, 8/11, 22/11, 6/12

O: 3/9, 14/9, 28/9, 26/10, 9/11, 23/11, 7/12

Vidare:

Samling for ungdom i kyrkja ein tysdag i månaden kl. 19:30-21:00

Datoar: 20/9, 18/10, 8/11, 6/12

KRIK:

Ein landsomfattande organisasjon som ynskjer skape idrettsglede, trusglede og livsglede. Samlast i FKIB fredagar kl. 19:30-20:30

Ten-treff:

Eit rusfritt tilbod på fredagskveldar for ungdom frå 8. klasse. Samling på fredagar kl. 21:00-23:00 – bli med i Facebook-gruppa «Fredagskveld på Fitjar»

Datoar for KRIK og Tentreff: 26/8, 2/9, 9/9, 16/9, 23/9, 30/9, 7/10, 21/10, 4/11, 11/11, 18/11, 25/11, 2/12, 9/12 og 16/12



LYS
VAKEN

KONF
IRM
AN
20 ✨ 23

vidare!

KRIK
KRISTEN IDRETTSKONTAKT



SØNDAGSSKULE



på Fitjar bedehus kl. 11.00 til ca kl. 12
stort sett dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja
Song, lystenning, bøn, Bibelforteljing og aktivitetar
(Frå 2-3 år og oppover til ca 8. Klasse)

Hausten 2022:

11.09 Søndagsskulens dag (sjå plakat/annonse)

18.09 Søndagsskule

25.09 Søndagsskule

02.10 Familiegudsteneste – ikkje sønd. sk.

09.10 Søndagsskule

16.10 Søndagsskule

23.10 Familiegudsteneste – ikkje sønd. sk.

30.10 Fitjarhelg på Solgry - ikkje sønd. sk.

06.11 Søndagsskule

09.11 Filmkveld for dei store (4. Klasse og oppover)

13.11 Søndagsskule

20.11 Søndagsskule

27.11 Adventsfrukost kl. 11.00

30.12 Julefest kl. 17.00 (sjå plakat/annonse)



Følg oss gjerne på facebook for ferske oppdateringar/påminningar.



ALLE ER VELKOMNE!

Arr.: Fitjar søndagsskule

Temakveldar hausten 2022



29. september kl. 19.30
Helge Gudmundsen
«Frivillig, livsglede og menneskeverd»

Billetter kr. 100



27. oktober
«Herrens glade gutter»
Broder Åge og Elvis i
salig blanding.
Foto: Ole Sandvik



24. november
Tabula Rasa
«Snøroser», Konsert

Temakveldgruppa/soknerådet



FITJARHELG på Solgry 28.-30. oktober 2022

Bli med på leir saman med andre kjekke folk frå Fitjar ☺

Det blir ulike samlingar, med noko for både kropp og sjel, og god tid til å berre vera saman, både inne og ute, på tvers av generasjonane.
ALLE er velkomne!

Om ein ikkje får til å melda seg på digitalt kan ein ta kontakt med
Eli-Sigrunn Wiik på
tlf 994 26 866

Påmelding innan 14. oktober 2022 via facebookhendinga Fitjarhelg på Solgry, heimesida til Fitjar bedehus el heime-sida til Fitjar kyrkje. (Påmeldinga opnar 14.09.22.)

Arr.: Fitjar indremisjon og Fitjar kyrkje



||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no

Hår loftet
OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13
Fiks frisyren hos oss!
Treff oss i 2. etg i Larsen bygget
For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfonn
902 27 978

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Først i tynge og godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - http://www.fitjarbaat.no

SPAR



VB
VARMEN & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00

E-post:
post@engevik-tislevoll.no



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418



KVERNENES

*Thea
Sweet As*

Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen
Kiosk**



Ledig annonseplass

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

HEIMLI
SHIP DESIGN

www.heimli.com
Havnavegen 90, Fitjar



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

Ledig annonseplass

Slekters gang

Døyppte:

19.06.

Oline Alsaker Klementsens
Alma Oline Ingvaldsen

10.07.

Ingvild Kleppe

17.07.

Jarle Jæger
Theo Leine (i Skodje kyrkje)

24.07.

Emrik Tufteland Huse

31.07.

Eline Instefjord Neergård

14.08.

Sverke Føyen Aarland

14.08.

Milian Haaland Christensen
Marie Haaland Christensen

11.09.

Emilie Tislavoll
Tomine Nesbø Thorsen

Vigde:

04.07.

Karoline Sofie Antonsen og
Hans Emil Tangen

20.08.

Ingrid Elnarsen og Kåre Olav Skram

Jordfeste:

Christian Rydland

f. 28.09.1979 - d. 10.06.2022

Jan Sandvik

f. 07.03.1943 - d. 14.06.2022

Kjellaug Elida Aarbø

f. 06.02.1933 - d. 10.07.2022

Hildegunn Aadland

f. 22.12.1949 - d. 11.07.2022

Marit Hovland

f. 05.05.1977 - d. 22.07.2022

Laura Skumsnes Kvaløy

f. 08.06.1933 - d. 29.07.2022

Arne Vik

f. 18.02.1940 - d. 02.08.2022

Borgny Alfsvåg

f. 07.12.1936 - d. 23.08.2022

Bjørg Doris Sørfonden

f. 21.12.1931 - d. 27.08.2022

Urnedesetjing

Gunn Agnes Macgregor

f. 07.11.1947 - d. 14.05.2020

Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
25.09.	11.00	16. s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Ten Treff
29.09.	19.30	Temakveld m/Helge Gudmundsen		
02.10.	11.00	17. s. i treeiningstida 4-Årsbok - pizza etter gudsteneste	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet/ barnearbeidet
09.10.	11.00	18. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Israelsmisjonen
16.10.	11.00	19. s. i treeiningstida		Kyrkjelydsarbeidet
23.10.	11.00	20. s. i treeiningstida Hausttakkefest	Olav J. Oma	TV-aksjonen - Leger uten grenser
30.10.	11.00	Bots- og bøneda	Sven Harald Nilsen	Kyrkjelydsarbeidet
06.11.	11.00	Helgemesse-sundag	Olav J. Oma	Diakoninemnda
13.11.	11.00	23. s. i treeiningstida Søndag for dei forfylgde		Stefanusalliansen
20.11.	11.00	Domssøndag	Olav J. Oma	
27.11.	18.00	1. s. i adventstida Lysmesse	Olav J. Oma	Ungdomsarbeidet i Fitjar kyrkjelyd
04.12.	11.00	2. s. i adventstida Lysvaken	Olav J. Oma	Barnearbeidet i eigen kyrkjelyd
11.12.	11.00 18.00	2. s. i adventstida Julekonsert		